



Ein påskepynta barnehage.

**Påskehøgtida har som jul mange og lange tradisjonar i landet vårt. Tenk berre på påskeegget og gulfargen, påskevandring, soldans og ikkje minst påskefjellet. Uskedal barnehage har markert tida fram til påske med ein påskepynta barnehage og påskefrukost. Les kva barnehageleiaren skriv:**



Påskefrukosten er servert og foreldra er med.

Påsken nærmar seg med stormsteg. Ungane i Uskedalen barnehage har i tida fram mot påske kosa seg med å lage påskepynt, vore på påskevandring i kyrkja, og fått oppleve våren med alt det spennende som hender ute i naturen.

Som ein fin tradisjon plar barna og personalet inviterer foreldrene til påskefrukost torsdagen før påske. Avdelinga blir pynta med barna sin eigen produserte påskepynt. Så var dagen her: Påskefrukosten i barnehagen.

Personalet vil takka alle som deltok og gjorde dette til ein kjekk og koselig stund, samstundes som vi vil ynskja både små og store ein strålende god påske.

Tekst/foto: Ann Irene Sæle  
Nett: Kristian Bringedal



Bilete syner eit lite utsnitt av menyen på påskefrukosten.